



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 99 L

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i kulturminnelova (kven er rette mynde etter lova)

*Tilråding frå Klima- og miljødepartementet 15. juni 2018,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Proposisjonens hovudinnhald

Klima- og miljødepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 28, heretter kalla kulturminnelova. Endringsforslaget heng saman med region-reforma, som inneber at det skal overførast ytterligere mynde til fylkeskommunane. Etter lovendinga vil kulturminnelova §§ 10, 19, 20 og 22 også inngå i lista i § 28 første ledd, der Kongen kan fastsetje kven som er rette mynde etter lova.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

Stortinget har slutta seg til at førsteline-oppgåver på kulturminneområdet skal overførast frå Riksantikvaren til fylkeskommunane frå 1. januar 2020. Dette går fram av Meld. St. 22 (2015–2016) *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver*, jf. Innst. 377 S (2015–2016) og i Prop. 84 S (2016–2017) *Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå*, jf. Innst. 385 S (2016–2017). Stortinget har vært einig i at forvaltinga av dei fleste automatisk freda kulturminna overførast frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Det same gjeld forvaltinga av fartøy med status som «verna fartøy», dei fleste statlege eigedomane som er freda ved forskrift, og 15 tekniske og industrielle anlegg.

Departementet har følgd opp dette ved å utarbeide forslag til ny forskrift om mynde mv. etter kulturminnelova. Forskrifta skal tre i kraft 1. januar 2020, og gjeldande *forskrift om faglig ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven av 9. februar 1979 nr. 8785*, vil samtidig bli oppheva.

Ny forskrift vil mellom anna innebere at fleire førsteline-oppgåver overførast frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Kulturminnelova § 28 heimlar i dag ikkje overføring av mynde for alle paragrafane i lova. Endringa av kulturminnelova § 28 første ledd er ein føresetnad for å kunne vedta forskrifta, og for den planlagde overføring av mynde til fylkeskommunane. I forslaget til forskrift skal fylkeskommunane få overført mynde som i gjeldande lovreglar opnar for å delegere mynde. Der staten ved departementet vil leggje sin mynde til andre organ enn statsforvaltinga, må det vere heimel i lov.

Det går fram av kulturminnelova § 28 første ledd at Kongen fastset kven som er rette mynde i medhald av dei nemnde paragrafane. I forslaget til ny forskrift blir det foreslått at fylkeskommunane blir rette mynde etter fleire av paragrafane i kulturminnelova enn i dag. Disse paragrafane som blir føydde til i opplistinga i § 28, vil framleis kunne delegerast frå departementet til Riksantikvaren. Utanom paragrafane som allereie går fram av § 28 første ledd, blir det foreslått å føye til §§ 10, 19, 20 og 22 i kulturminnelova.

3 Generelle merknadar til lovforslaget

Kulturminnelova § 28 første ledd heimlar allereie overføring av førsteline-oppgåver til fylkeskommunane for dei fleste kompetansereglane i lova. Nokre av kompetansereglane som skal overførast, går likevel ikkje fram av kulturminnelova § 28 første ledd, da det hittil har vært føresett at dei kan delegerast. For å gjennomføre prinsippet om at funksjons- og oppgåvetildelinga til eigne folkevalte organ skal ha lovheimel, må dei respektive kompetansereglane takast inn i opplistinga i kulturminnelova § 28 første ledd.

4 Vurderingane til departementet

Formålet med forslaget er å leggje til rette for overføring av mynde frå statleg til fylkeskommunalt nivå, som ledd i regionreforma på kulturminneområdet. I gjeldande forskrift er fylkeskommunen «rette mynde» etter forskrifta § 1 nr. 2. Fylkeskommunen er i tillegg delegert mynde etter paragrafane som går fram av forskrifta § 12 nr. 2. Departementet har i dag ikkje heimel til å delegere mynde til fylkeskommunane som eit folkevalt organ. Departementet foreslår derfor at paragrafane i kulturminnelova som er føresett delegerte til fylkeskommunane, blir føyd til i kulturminnelova § 28 første ledd.

Departementet ser på endringa av kulturminnelova § 28 første ledd som ei endring av teknisk karakter, som det ikkje er naudsynt å sende på ordinær høyring.

5 Lovforslaget

§ 28. Rette myndighet etter loven

Kongen fastsetter hvem det er som er rette myndighet i medhold av §§ 3, 4, 5, 6, 8, 9, 10, 11, 13, 14, 15, 15a, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 23, 23c og 25.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane i kulturminnelova § 28 første ledd inneber i seg sjølve ingen økonomiske eller administrative konsekvensar.

Klima- og miljødepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i kulturminnelova (kven er rette mynde etter lova).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i kulturminnelova i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i kulturminnelova

I

I lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner gjerast
følgande endring:

II

Lova tek til å gjelde straks.

§ 28 første ledd skal lyde:

§ 28. *Rette myndighet etter loven*

Kongen fastsetter hvem det er som er rette myndighet i medhold av §§ 3, 4, 5, 6, 8, 9, 10, 11, 13, 14, 15, 15a, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 23, 23c og 25.
